



Standardvilkår for tilskot til kultur, idrett og friluftsliv.

Vedtatt i Formannskapet 02.06.2022.

Tysnes kommune har innført standardvilkår for tilskot til kultur, idrett og friluftsliv. Ved tildeling av tilskot følger disse vilkåra:

1. Kommunale tilskot kan tildelast lag og foreiningar som høyrer heime i Tysnes kommune. Søkjarar utanfor kommunen kan etter vurdering få tilskot dersom tiltaket gjeld verksemd i Tysnes kommune.
2. Tilskot tildelast lag og foreiningar som ikkje stenger ute grupper eller enkeltpersoner på grunn av religion, etnisitet, sosial eller politisk tilhøyrslø.
3. Det einskilde lag som tek imot støtte skal retta seg etter aktuelle lover og retningslinjer som gjeld for sin aktivitet og er innretta mot å sikra breidde og inkludering.
4. Tilskotsmottakarar skal annonsere sine aktivitetar i tysnes.friskus.com – aktivitetskalenderen for Tysnes kommune. Manglande annonsering på Friskus, kan medføre kutt i neste års tilskot. Kommunen pliktar å gje tilstrekkeleg opplæring i bruk av Friskus.
5. Alle som tek imot tilskot frå Tysnes kommune skal tilby gratis tilgang for følgje til personar med følgjekort.
6. Søknader er offentlege i samsvar med reglar i offentleglova. Ved førespurnad vil kommunen gi innsyn både i søknadar og vedlegg.
7. Tilskotsordningane vert lyst ut på kommunen sine nettsider, i sosiale media og i annonsar i lokalavisa i god tid før søknadsfristen.
8. Det vert teke standard atterhald om kontroll ved tildeling av kommunale midlar. I praksis betyr dette at kommunen skal kunna gjennomføra naudsynte kontrollhandlingar for å sikra at midlar som er tildelt er nytta i samsvar med føresetnadane. Kommunen og kommunen sin revisor kan setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føreset. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane dei finn naudsynt for sin kontroll.
9. Dersom søkjar ikkje har oppgjeve rett opplysningar eller tilskotet ikkje er nytta i samsvar med føresetnadane for tildelinga, kan dette føra til at søkjar må tilbakebetale motteken støtte og miste retten til framtidig støtte.